

Såkornmidlar i Program for pasienttryggleik i Helse Vest – kriterium for tildeling

For å stimulere til kvalitetsutvikling i helseføretaka deler Program for pasienttryggleik Helse Vest kvart år ut prosjektmidlar til lokale kvalitetsforbetringsprosjekt. Desse kvalitetsutviklingsprosjekta er lokalt forankra i helseføretaka og i private, ideelle institusjonar i regionen. Formålet med prosjekta skal vere å prøve ut forbetringstiltak i liten skala.

Kriterium for tildeling av såkornmidlar

- Prosjektet skal ha som mål å forbetre klinisk praksis (t.d ved å *forbetre* ein prosess som per i dag ikkje fungerer optimalt, *implementere* ein ny prosess som skal avløyse ein prosess som ein veit at ikkje fungerer optimalt eller *utvikle* ein ny prosess der ein forventar å oppnå betre resultat enn i dag).
- Prosjekta skal nytte forbetrimodellen som metodisk tilnærming.
- Prosjekta skal ha ei klar målsetjing om kva som skal forbetrast, og om når ein skal nå dette forbetrimålet, og definerte indikatorar for å måle både effekt av forbetringstiltaka og kvalitetsforbetrimprosessen.
- Prosjekta skal vere tidsavgrensa og moglege å realisere innanfor den økonomiske ramma det er søkt om.
- Prosjekta skal som hovudregel ha med brukarrepresentant og brukarperspektivet vil bli vektlagt.
- Prosjekta må ha leiarforankring.
- Det kan ikkje søkjast om midlar til forskingsprosjekt, utprøvande behandling, finansiering av ordinære oppgåver i verksemdene, eller til investering i utstyr.

Praktiske bestemningar

- Prosjektperioden er om lag 1 ½ år. Ubrukte midlar skal betalast tilbake og kan bare unntaksvis overførast til neste år etter særskilt grunngjeven søknad til Helse Vest. Søknadar om overføring av midlar vil bli lagt fram for fagdirektørmøtet i Helse Vest, og må sendast til Helse Vest seinast november året etter tildeling.
- Prosjektleiar bør ha kunnskap om forbetrimarbeid. For dei som ikkje har slik kunnskap vil det bli tilbode internopplæring i føretaka og regionale kurs i forbetrimarbeid.
- Helseføretaka skal følgje opp prosjekta undervegs i perioden og ved behov tilby rettleiing i kvalitetsforbetrimmetodikk.
- Det kan bli stilt krav om rapportering undervegs.
- Kortfatta sluttrapportar inkl. rekneskapsrapport og presentasjon i postermal frå alle såkornprosjekta (i eigen rapporteringsmal) skal leverast til RHF-et samla frå kvart

helseføretak/privat institusjon innan 15. januar omlag 1,5 år etter tildeling. Sluttrapportane skal kvalitetssikrast av helseføretaka før innsending til Helse Vest. Posterpresentasjonar på Pasienttryggleikskonferansen vil bli etterspurt, og sluttrapportar inkludert posterpresentasjon vil bli gjort tilgjengelege for medarbeidarar og leiarar i og utanfor Helse Vest og for offentlegheita.

Om søknaden

- Søknaden skal skrivast i eige skjema for dette
- Det kan ikkje søkjast om meir enn 225 000 kr per prosjekt. Det skal setjast av pengar til reisegodtgjersle, møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste for brukarmedverknad, inntil 25 000 kr.
- Helseføretaka skal sende inn søknadane samla og i prioritert rekkefølge innan fristen. Helseføretaka skal berre sende inn søknadar som dei stiller seg bak.

Tildeling

- Fagdirektør i Helse Vest og sekretariatet for Program for pasienttryggleik i Helse Vest vurderer og innstiller søknadane. Fagdirektørmøtet tildeler midlane.
- I tildelinga vil Helse Vest ta utgangspunkt i prioriteringsrekkefølga til helseføretaka. Helseføretaka sine prioriteringar kan bli endra i tildelinga ut i frå eit regionalt heilskapsperspektiv.